

Årsmelding 2012

BSI Bergen Fallskjermklubb

Aktivitet i sesongen 2012

Hoppaktivitet

BSI Bergen Fallskjermklubb (BFSK) har i 2012 flydd 167 timer. Ca 50 timer var ved utleige av fly til Kjevik fallskjermklubb. Resten er flyging i Bergen og Voss.

Me har utført 1247 hopp, fordelt på 176 hopparar. Hoppene fordeler seg slik:

UL	ULM	ULT	FF	AFF	Trening	Demo	Tandem
56	38	35	61	2	1027	6	22

Tandem

Me har i 2012 gjennomført 22 tandemhopp. Tandeminstruktører har vore Steve Newman, Bjarne Jørgensen og Lars Haukom.

Demo

BFSK utførte i 2012 to demoar:

- Demo for Bjarg på Stend, 1. mai
- Demo, Grand Opening Radisson Blu Royal, 1. juni

I tillegg vart det utført fallskjermhopp på BFSK sin operasjonstillatelse under NRK-programmet Oppdrag Nord-Norge.

Kurs

BSI Bergen Fallskjermklubb har i 2012 holdt 4 linekurs, med til saman 28 elevar.

Klubben har betalt for følgande utdanningar:

- C-kurs (I1 - Instruktør 1): Håkon Søgner, Ole Myhre, Sara Lothe
- B-kurs (I2 - Instruktør 2): Sindre Olsen

I tillegg har det blitt holdt:

- Førstehjelpskurs for medlemmane.

Medlemsmasse

Klubben hadde per 31.12.2012 155 betalende medlemmer.

Konkurransar

Medlemmar i klubben har deltatt i følgande konkurransar, med desse plasseringane:

TODO: Mangler info

Eiendelar

Fallskjermmateriell

Div. hoppstyr:

- 4 komplette elevriggar
- 6 høgdemålarar
- 10 hoppdressar
- 9 liner til elevutstyr
- 4 rullebrett
- 12 hjelmar
- 1 jordteikn (T), beståande av 10 delar
- 8 refleksvestar

Div. redningsutstyr:

- 1 førstehjelpsveske
- 1 bære

Div. kursmateriell:

- 15 briller til nye elevar
- Flyr-flyr-ikkje-plansjer (1 kasse)
- Treningsseletøy, 13 stk.

Anna utstyr

- Fly, C-182 (Malvin)
- Klubbil, Toyota HiAce, 1997
- Kartplotter (GPS)
- Bærbar PC, 2010
- Stereoanlegg
- Laserskrivar, HP
- Blekkskrivar, Canon
- Flydør
- TV
- Kaffetrakter

- DVD-spelar
- Diverse møbler
- Go-Pro

Organisasjon

Styrets sammensetning og øvrige verv

Styreleiar	Glenn Hisdal
Nestleiar	Jan Vegard Carlsson
Kasserar	Therese Moe
Styremedlem	Lene Sælen
Styremedlem	Jorunn Alice Gammersvik
Styremedlem	Rune Antonsen
Vara	Marianne Dypå
Vara	Frøy Falck
Valgkomite	Sara Lothe Maiken Bentzon Jarle Økland
Revisor	Terje Hjortland Birte Lothe
Hovedinstruktør	Lars Haukom
Elevkoordinator	Therese Moe
Tandemkoordinator	Birte Lothe
Flygesjef	Lars Rasmussen
Teknisk sjef	Kristian Klungreseth Sara Lothe

Instruktører

Klubben har i 2012 hatt følgande instruktørar:

Lars Haukom	I1, Tandem
Philip Nordås	I1
Håkon Søgne	I2 / I1, MK
Sara Lothe	I2 / I1

Ole Myhre	I2 / I1
Daniel Fløysand	I2
Erik Syvertsen	I2, MK
Glenn Hisdal	I2
Trond Hermansen	I2, MK
Christian Grevstad	I3
Terje Hjortland	I3, MK
Espen Lunde	I2
Thomas Føleide	I2
Jarle Økland	I3
Maiken Bentzon	I3
Tom Gjesteland	I3
Sølve Slettebak	I3, MK
Marianne Dypå	I3
Sindre Olsen	I3 / I2, MK
Åsmund Fosse	I3
Jørn Kåre Stokset	I3
Geir Håkon Odden	I3
Steve Newman	Tandem
Bjarne Jørgensen	Tandem

- I1: Instruktør-1. Høgaste instruktørgrad.
- I2: Instruktør-2. Kursinstruktør.
- I3: Instruktør-3. Hoppmester for elever.
- MK: Materiellkontrollør

Pilotar

I 2012 har BSI Bergen Fallskjermklubb hatt følgande pilotar:

- Oscar Dix
- Christopher Donne
- Andreas Haaland
- Knut Jørgen Haaland
- Kristian Klungreseth
- Lars Rasmussen
- Odin Sætre
- Are Stangeland
- Jan Fredrik Tønjum

Representasjonar

Representantar, fagseminar, NLF:

- Håkon Søgner
- Jarle Økland

Møtevirksomhet

Det har i 2012 vore holdt 10 styremøter, samt fleire møter i undergrupper. Dette inkluderer:

- Årsfestkomite
- Påkeboogiekomite
- Instruktørmøte

Leiar eller representantar frå styret har også delteke på følgande møter:

- Møter med Avinor ang. lokaler på Flesland
- Møte med Sundt Air ang. lokaler på Flesland
- Flygarmøte
- Møte med tårnet på Flesland

Leiar sine avsluttande betraktningar

Hoppaktivitet

Det vart i 2012 gjort 1247 hopp, fordelt på 176 hopparar. Dette er ein klar oppgang frå 2011, men eit godt stykke unna det magiske målet på 2000 hopp. Greier me det i 2013? Grunna utleige av fly, vart det veldig få hopp i løpet av sommaren. Hadde flyet vore i Bergen hadde me nok fått inn enno fleire hopp.

Malvin

Bortsett frå problemer i påsken utover våren har det vore lite feil på Malvin. Takka iherdig innsats frå både eigne medlemmer og mekanikarar vart LN-RAA klargjort i rekordfart i starten av påsken slik at problemene med likevel fekk gjennomført ein bra Påkeboogie med mange hopp.

I sommarsesongen var Malvin utleigd til Kjevik. Utleige kom litt seint i gong, men dei fekk likevel flydd ca 50 timer. Styret ønsker at Malvin i 2013 skal bli i Bergen slik at me får holdt ved like aktiviteten i klubben gjennom sommaren.

Transponderen i Malvin har skapt problem frå tid til annan. Denne vart bytt i sommar.

Klubbhus

Styret har brukt mykje tid på klubbhus i 2012. Etter fråflytting frå LSG fekk me låna lokaler av CHC i ein kortare periode. Utover hausten var det stor usikkerhet knytta til klubbhus. Avnior har fortsatt ikkje ein tomt til oss, og me skulle egentlig ut av CHC-bygget.

Etter mange runder med Avnior og andre, har me no inngått ein leigeavtale med CHC slik at me har noko tryggare rammer framover. Det er likevel viktig at det nye styret følger opp dette med Avnior og jobbar mot ein permanent løsning. Det blir fortsatt sagt frå Avnior at det skal bli ein tomt til oss på sikt.

Styret søkte også om å få setta opp klubbhus på Stend i tilknytning til landingsområdet. Det fekk me diverre avslag på.

Økonomi

Klubben har god økonomi. Bra pågang på kurs og mange gjennomførte tandem bidrar godt til dette. I tillegg fekk me inn ein del på utleige av Malvin. Dugnader vart nedprioritert til fordel for meir fokus på demo. Diverre regna dei fleste av demoane bort, så her kunne me hatt ei god inntektskjelde om alt hadde gått på skinner.

Operativt

Klubben har mange hopparar med D-lisenes som kan dela HL-vaktene. I 2012 fekk me også fleire nye I1-ar i klubben, noko me ar hatt stor mangel på dei siste åra. Dette er veldig positivt, men det er stadig behov for fleire instruktørar av alle grader.

Det har i 2012 vore ein utfordring å halda elevutstyr operativt, då det er få aktive MK-ar i klubben. Påfyll av MK-ar er absolutt nødvendig.

Oppsummering

2012 har vore eit utfordrande år for klubben, men me har likevel lukkast i å gjennomføra mange hopp, og har hatt godt med elevar på kurs.

Viktig at det nye styret jobbar vidare med klubbhussituasjonen. Både med tanke på tomt på Flesland og eventuelle muligheter for bygging på Stend.

Styret bør også saman med HI holda fokus på å finna nye instruktør- og MK-kandidatar.

Til slutt vil eg takka for tilliten i året som var, og ønska det nye styret lykke til.

Glenn Hisdal

Styreleiar, BSI Bergen Fallskjermklubb